

Referat FAU-møte Bryne skule

Tid: Måndag 04.03.24 kl.19.00-20.30

Sted: Bryne skule, møterom

Til stades: Jone Sigveland, Kay Even Sigveland, Marit Lothe, Stig Jespersen, Jarl Ove Frivold, Lina Bryne Larsen, Roy Flataukan Hustoft og Toril Øgreid

Sakar:

13/24 Informasjon frå rektor

Tilsettingane er i mål. Tilsett nokre som har vore i vikariat og nokre studentar som er kjent for skulen. Har tilsett 4 faste stillinger. Ny ansinitsberekning på enkelte lærarar då dei faglærte går under kristisk personale.

SU gjennomført 15.februar. Sak om skulekrinsar. Både elevråd og SU sa at det var greitt at det var litt fastere grenser, men at det må vere mogleg å byte skule ved behov.

Mobilfri skule er tatt opp i SU og elevråd. For Bryne skule vil det i praksis vere liten endring. Frå før skal ein ikkje bruke mobil i time eller friminutt. Viktig å presisere at dette gjeld mobiltelefon og smartklokker. FAU støtter opp om mobilfri skule.

Sak frå forrige møte 10/24 17.mai planlegging

Informasjon ut til 3.klasse og 6.klasse - Toril formulerer beskjed til trinna og sender til FAU før ho sender til Gunn Rita som kan sende ut til alle foreldra på 3. og 6.klasse.

Se referat frå i fjor med evaluering

https://docs.google.com/document/d/1g7PdAp69g7WlmN2ZFOzq4d4xOPADdL_n/edit

Sak frå forrige møte 11/24 7.klassefest

Informasjon ut til 7.klasse - FAU sponser med 15 000kr. Klassekontaktane på 7.trinn får beskjed og planlegger/gjennomfører dette. Burde det vore ei forventning/forslag frå FAU sin side?

- Samling for elevar m/føresette og lærarane dei har på skulen
- Leie av lokale? Gymsal? Aula?
- Snacks/noko enkelt å bite i til elevane
- Innslag frå elevgruppa som underhaldning
- Helsing frå skulen v/ rektor og/eller lærarar/elevrådskontaktar
- Penger til overs og eller frå klassekassen - arrangement i skuletida f.eks kino/popkorn, anna aktivitet i skuletida - ha dialog med skulen ang dette

Toril lager eit skriv til arkivet. 7.klasse FAU-kontakt informerer 7.klassekontaktane.

14/24 Evaluering trafikkvaktordninga

Innspel frå klassekontaktar på 3.trinn: ønskjer å ha trafikkvakter fleire stader. Tidlegare hatt vakter ved Fretex, men lite trafikk og difor tidlegare vurdert til ikkje behov. FAU tenkjer ordninga er god nok.

15/24 Evaluering elevkveldar

Vellukka, men litt lite ungar første gongen. Må informere om sikring i speilsalen på hugseliste neste år. Hending på 5. og 6.klasse - tilbakemelding til skulen og det har vore godt fulgt opp i etterkant. Tilbakemelding frå klassekontaktane på kven som skulle ta med kva. Spesielt mtp allergivennleg mat. Muggar med vatn og glas. Tydeligare bestilling på at klassekontakt/vara må møte eller finne stedfortreder. Passelig med mat, går ikkje så mykje av det salte - bør me berre ha kaker? Lettere bestilling? Gjærbakst/kaker, ikkje nødvendigvis pizzasnurrer. NB lurt å ha vakt i kvar garderobe heile tida. God respons frå Rosseland og Hognestad. Kan sette fram for eksempel stige-golf til 7.klasse for å ha ein aktivitet. Se gjennom bestillingsliste - får faktura og legg inn på disk etterpå. Veksel: 1 rull av tiarar og 1 rull av tjuetroningar. Skriv evaluering over i eige dokument.

16/24 Eventuelt

- Spørsmål frå klassekontakt: Fordeling kommunale boliger/innvandrarar Bryne og Rosseland skule? Dette mtp ressurser til blant anna språkopplæring. Sentrumsskule. Innføringsklassane har eigen finansiering. Viktig å følge opp at ressurstildelinga står i hendhold til elevgruppa. FAU ønskjer at skuleadministrasjonen skal vere obs på dette. Det er ein stor verdi i å ha mangfald på ein skule.
- Klassesamansetning ungdomsskulen - i fjor på utviklingssamtale haust vart det sagt at til våren skal ein gå grundig gjennom kven som ønskjer å gå i lag med kven. Elevane får velge kven dei ønskjer å gå med før utviklingssamtale våren. Elevane fikk vite at dei skulle få gå med minst ein av dei på lista si. Det fekk dei ikkje. Bør elevane få velge, eller bør dette vere opp til lærarane og eventuelt foreldra i lag med lærar/elev? Viktig at utviklingssamtalen på våren handlar om dette og at elevane ikkje tek valet før samtalen. Jone tek innspela til FAU tilbake til 7.trinns-lærarane.

Neste FAU-møte **måndag 8.april kl.19-20.30** på møterom, Bryne skule

Sakar til neste FAU-møte:

- 17.mai planlegging
- Status resultat nasjonale prøver

- Status resultat elevundersøkinga, mobbetal og plan for trygt og godt skulemiljø
- Utviklingsplan
- Spesped-sak frå rektor

Referent: Toril Øgreid

